sft: Informasjon

TA- 2165/2006

Kven – kva – kvar? – Om bromerte flammehemmarar (BFH)



Cellegummi til isolasjon av rør

SFT og fylkesmennene kontrollerer våren 2006 mottak og mellomlagringsplassar for farleg avfall. Under aksjonen vil ein mellom anna særleg rette merksemda mot farleg avfall som kan innehalde bromerte flammehemmarar (BFH).

Alle produkt som inneheld meir enn 0,25 prosent BFH, skal behandlast som farleg avfall.

Kva er bromerte flammehemmarar?
Bromerte flammehemmarar (BFH) er ei gruppe kjemikal som blir tilsette ulike produkt for å gjere dei mindre brennbare. Fleire av stoffa har vist seg å ha alvorlege skadeverknader for miljøet og for helsa til folk. Stoffa er vanskelege å bryte ned, og dei blir oppkonsentrerte i både menneske og dyr.

Funn i menneske og dyr
I Noreg er BFH funne i både blod og morsmjølk. I miljøet finn forskarane desse miljøgiftene mellom anna i fisk, sjøfugl og sjøpattedyr, for eksempel sel. BFH kan mellom anna skade nervesystemet, immunforsvaret, hormonsystemet og formeiringsevna.

Kvar blir det brukt bromerte flammehemmarar?

I elektronikk
I mange elektroniske produkt har ein tilsett BFH.

Byggje- og rivingsavfall
Isolasjonsmateriale av ekspandert plast (EPS), som isopor og ekstrudert plast (XPS), for eksempel byggjeskum, kan innehalde BFH. Cellegummi, som i hovudsak blir nytta til rørisolasjon, kan innehalde 5–10 % BFH.

Tekstilar og avfall frå transportmiddel
Tekstilar frå institusjonar, transportmiddel og liknande kan innehalde BFH.

Korleis handtere avfallet?
1 EE-avfall
Retursystem for elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) tek imot slike produkt når dei blir kasserte. Eksempel på EE-produkt: datautstyr, belysningsarmatur, fjernsynsapparat, kopimaskinar, brytarar, motordelar.

2 Byggjeavfall og tekstilavfall
Dersom det er svært sannsynleg at avfallet inneheld BFH, skal det behandlast som farleg avfall.

Tiltak for å bli kvitt utslepp av BFH
Eigenskapane til dei bromerte flammehemmarane har fått mange til å samanlikne dei med velkjende miljøgifter som PCB. Både i Noreg og i andre land har styresmaktene sett i verk tiltak for å redusere eller bli kvitt utsleppa.

SFT har laga ein handlingsplan mot BFH. To av dei bromerte flammehemmarane blei forbodne i 2004. Når det gjeld dei andre, er målet at utsleppa skal reduserast vesentleg seinast innan 2010, men nokre av dei kan også bli forbodne. Kasserte produkt som inneheld BFH, skal behandlast som farleg avfall dersom produkta inneheld meir enn 0,25 prosent BFH.

Statens forurensningstilsyn
Postboks 8100 dep,
N-0032 Oslo

Telefon:+47 22 57 34 00
Telefaks:+47 22 67 67 06
E-post:postmottak@sft.no
Internett:www.sft.no

Bestilling:
www.sft.no/skjema.html

Aktuell EAL-kode ved deklarering av BFH
Kapittel 11, vedlegg 1 i avfallsforskrifta gir ei oversikt over den europeiske avfallslista (EAL). EAL er ei liste over avfall som er felles for heile EØS-området. Det er gjort nokre få norske tilpassingar. Ein avfallskode har alltid seks siffer. Dei andre kodane står berre for kapittel og underkapittel, og skal ikkje brukast som avfallskodar. Avfallstypar som er merkte med stjerne (*) i EAL, er farleg avfall. Denne koden er aktuell (skriven i kursiv):

17	Avfall frå byggje- og rivingsarbeid
1706	Isolasjonsmateriale og asbesthaldige byggjemateriale
**170603*	*Andre isolasjonsmateriale som består av eller inneheld farlege stoff*

Les meir om BFH:

SFT
www.sft.no
Her finn du informasjon om bromerte flammehemmarar, om regelverket, om farleg avfall osv.

Fylkesmennene
www.fylkesmannen.no
Meir om aksjonen i fylka.

Miljøstatus i Noreg
www.miljostatus.no
Her finn du talmateriale og forklaringar knytte til bromerte flammehemmarar og ulike typar av farleg avfall, og mykje meir.